

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.06.2015

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek at arbeidsutvalet og administrasjonen held fram det gode arbeidet som er gjort med program til eldrerådskonferansen, med følgjande innspel frå rådet og dei kommunale eldreråda:

- Kommunereforma får eit større fokus og vert fordelt på tre innlegg:
 - o Bakkebø frå fylkesmannen: Nytt om kommunekartet.
 - o Ein ordførar om utmaningar i samband med helse og omsorg. Forslag er Astrid Byrknes (Lindås), Solfrid Borge (Ullensvang) og Anne Aakre (Osterøy)
 - o Lisbeth Norman (Helse- og omsorgsdepartementet) om framtidas sjukeheimar og heimetenester.
- Demens: ved ein representant frå geriatrisk avdeling på Haraldsplass diakonale sykehus.
- Samhandlingsreforma – justeringar? To innlegg, eventuelt saman, ein frå eit sjukehus og ein frå kommunen (til dømes den ordføraren som kjem i samband med kommunereforma).
- Morgondagens eldreomsorg: Stein Husebø
- Ønskjeleg med ei økt ute, i tråd med friluftslivets år. Forslag er Fløyen (treng minst 2 timar) eller ei byvandring med guide.

Fylkeseldrerådet vedtek at arbeidsutvalet sender til rådsmedlemene eit forslag til program når det er ferdig.